



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 Valestrandfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/488 - 23/7323

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2023

Løyve til seksjonering - GBNR 424/303 Bø

Administrativt vedtak: Saknr: 100/23

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gbnr 424/303, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebrøken- 1/2.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delelinje midt i vertikaldelt 2-mannsbustad.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 424/303er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 23.01.23, om seksjonering av eigedommen gbnr 424/303 med adressene Nordbøvegen 58 og 60.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring og FA av vertikaldelt 2-mannsbustad.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar (er nok med 2 eks.) og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane.
- Plan-/ fasadeteikningar (2 vedlegg) av bustadbygget over 1. plan og 2. plan.
- Vedtekter for Sameiet Nordbøvegen 58 og 60, gnr. 424 bnr 303, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn av Arkoconsult. Søknaden er signert av Arvid Rikstad for Bolig & Eiendom AS, som innsendar og for heimelshaver av Rikstad Invest AS. Bolig & Eiendom AS har fått generalfullmakt(dat.05.01.23) til ma seksjonering pva heimelshaver Rikstad Invest AS.

Søknaden var ikkje fullstendig då den kom inn første gong 13.01.23 og det vart sendt inn ny retta søknad – mottatt 25.01.23. Det kom også inn ny generalfullmakt 25.01.23.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar, etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming av seksjonering pkt 23. Tinglysingsgebyr kjem i tillegg.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering GBNR 424-303- godkjent

Situasjonsplan

Seksjonering 2. plan

Seksjonering 1. plan

Ugjenkallelig generalfullmakt - gbnr 424/303 Bø

Kopi til:

Bolig & Eiendom AS v/ Arvid Rikstad

Mottakarar:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

Valestrandsfossen

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE

N

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE

N